

Hjelpeskjema som skal leggst ved søknad om oppheving/avvikling av stiftelse.

Stiftelsestilsynet må ha inn all dokumentasjon som går fram av dette skjemaet for å kunne behandle søknaden. Manglande dokumentasjon vil føre til at søknaden blir avvist/avslått.

Kontrollér difor at følgjande vurderinger er gjort, og at dei nødvendige dokument er lagt ved:

kryss av

<p>1. Stiftelsen sitt namn og organisasjonsnummer:</p> <p>Kontaktinfo: e-post: telf:</p> <p>Kontrollspørsmål: Er dette utfylt?</p>	<input type="checkbox"/>
<p>2. Plikt til å vurdere mindre inngripande tiltak enn oppheving, jf stiftelseslova § 47</p> <p>Dersom stiftelsen kan halde fra å eksistere med endra vedtekter, eller ved sammenslåing, kan ikkje stiftelsen opphevast. Styret må vurdere dette før det kan fattast vedtak om oppheving.</p> <p>Kontrollspørsmål: Er dette gjort greie for i styrevedtaket?</p>	<input type="checkbox"/>
<p>3. Uttale fra oppretter, jf. stiftelseslova § 49</p> <p>Om det ikkje er oppretteren sjølv som har søkt om oppheving, skal det hentast inn uttale frå opprettar. Er oppretteren død, skal det om mogeleg hentast inn uttale frå slektningar og andre som har stått han eller henne nær, frå organisasjonar, offentlege styresmakter og andre som blir berørt av endringa. Det er tilstrekkeleg at styret legg fram dokumentasjon på at opprettar har fått høve, innan ein gitt frist, til å gi uttale. Dersom det ikkje er råd å hente inn uttale frå opprettar, skal stiftelsen forklare kvifor.</p> <p>Kontrollspørsmål: Er uttale frå berørte partar lagt ved, evt. gjort greie for i søknaden?</p>	<input type="checkbox"/>
<p>4. Vedtak frå styret / anna organ, jf stiftelseslova § 48</p> <p>Det er styret som søker om oppheving. Signert styreprotokoll må sendast inn. Protokollen må vise klårt at det er fatta styrevedtak om å oppheve stiftelsen, jf stiftelseslova § 31 siste ledd. Det skal leggst ved vedtak frå det organet, ofte styret, som har kompetanse til å vedta oppheving.</p> <p>Kontrollspørsmål: Er signert styreprotokoll lagt ved?</p>	<input type="checkbox"/>
<p>5. Grunngeving for oppheving, jf. stiftelseslova § 46</p> <p>Vilkåra for oppheving går fram av stiftelseslova § 46. Det må gjevast ei grunngeving frå styret eller opprettar om kvifor stiftelsen skal opphevast. Grunngevinga må vere knytt til <u>minst eitt</u> av vilkåra i § 46 første ledd. Dersom grunngevinga for oppheving er § 46 første ledd bokstav a, må vi i tillegg få dokumentert beløpet på eigenkapitalen på søknadstidspunktet.</p> <p>Stiftelsestilsynet skal vurdere om vilkåra for oppheving er oppfylt.</p> <p>Kontrollspørsmål: Er søknaden begrunna i samsvar med krav i stiftelseslova § 46?</p>	<input type="checkbox"/>
<p>6. Vedtak om bruk av resterande midlar, jf stiftelseslova § 47 andre ledd</p> <p>Styret må vedta korleis resterande midlar i stiftelsen skal brukast. Midlane skal disponerast i tråd med stiftelsen sitt formål. Er ikkje dette mogeleg, skal midlane gå til eit liknande formål.</p> <p>Kontrollspørsmål: Er bruk av restmidlar vedteke i styremøte?</p>	<input type="checkbox"/>

<p>7. Forslag til avviklingsstyre, med medlemmene sine fødselsdata, heimstadsadresse, og kven som leiar avviklingsstyret</p> <p>Avviklingsstyret kan vere det same som det sittande styret, og kan bestå av berre ein person.</p> <p>Kontrollspørsmål: Er personalia for avviklingsstyret oppgitt i søknaden?</p>	<input type="checkbox"/>
<p>8. Opplysning om kreditorer</p> <p>Opplys om stiftelsen har kreditorar, eller om det vil kunne oppstå kreditorar under opphevinga.</p> <p>Kontrollspørsmål: Er det gjort greie for eventuelle kreditorar i søknaden?</p>	<input type="checkbox"/>